



TIL FUSA KOMMUNE V/ KOMMUNESTYRET.

ÅRSREKNEskapEN 2014 FOR FUSA KOMMUNE, UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET.

Kontrollutvalet har i møte 29.5.2015 handsama Fusa kommune sin årsrekneskap for 2014.

Representantar frå administrasjonen og ansvarleg revisor var tilstades i møtet og presenterte årsrekneskapen og svarte på spørsmål.

Av rekneskapen for 2014 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er negativt med kr. -5.483.416,-, dvs. netto resultatgrad på -1,85% (Sett opp mot sum driftsinntekter). Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg (utanom Oslo) ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 1,10% i 2014. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein frå og med 2014 bør ha netto resultatgrad på 1,75% (tidlegare 3,0%).

Riksrevisjonen la 16.02.2015 fram Dokument 3:5 (2014 – 2015) «Riksrevisjonens undersøkelse av kommunenes låneopptak og gjeldsbelastning». Her er det undersøkt samanhengen mellom høg lånegjeld i kommunane, sum driftsinntekter og disposisjonsfond. Riksrevisjonen tilrår at kommunane ikkje bør ha meir enn 75 % av driftsinntektene i lånegjeld. Ved å nytte Riksrevisjonen si tilnærming kjem ein fram til at Fusa kommune har ei lånegjeld tilsvarande 65,18 % av sum driftsinntekter, altså innafør tilrådinga frå Riksrevisjonen. Tilsvarande er disposisjonsfondet på 1,2 % av driftsinntektene. Riksrevisjonen tilrår her minst 5 %. Totalt sett har Fusa kommune tilfredsstillande lånegjeld, men eit driftsresultat godt under det som er tilrådd av TBU for 2014, medan disposisjonsfondet også er lågare enn tilrådd.

Kontrollutvalet merkar seg m.a. følgjande frå rådmannen sin uttale i årsmeldinga:

«Kommunereforma sitt mål om færre og større kommunar tilseier at Fusa kommune må vera budd på å bli del av ein større kommune i 2020.»

«Før vi kjem så langt må vi gjera dei kloke strategiske og langsiktige vala, med tilhøyrande tiltak for å skaffa oss handlingrom no. Vi må handtera det dilemmaet at dei kloke langsiktige vala gjerne smerta mest i det kortsiktige perspektivet.»

«Kommuneorganisasjonen og politisk system må hjelpe kvarandre og leggja til rette for gode endringsprosessar. Gjennom godt samspel kan vi få til det beste for Fusa samfunnet og innbyggjarane.»

Årsmeldinga frå administrasjonen skal utformast i tråd med KommuneLoven § 48 nr. 5 der det m.a. går fram at «å sikre betryggende kontroll», «etikk» og «likestilling» skal omtalast.

Forhold som gjeld likestilling og etikk synest vera greitt omtala. Det vart i 2013 gjort endringar i kommuneLova § 48 nr. 5 ved at der er teke inn: «Det skal også redegjøres for tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre betryggende kontroll...» I dette ligg det eit krav til å orientera i årsmeldinga om rådmannen sin internkontroll. I årsmeldinga for 2014 er forhold som omhandlar etikk, likestilling og internkontroll greitt omtala.

Kontrollutvalet tilrår at kommunen prioriterer å sette fokus på forbedringsområda som kjem fram av revisjonsrapport nr. 5. frå Deloitte AS.

Kontrollutvalet har som oppgåve å gje uttale til kommunen sin årsrekneskap. Uttalen vert gjeve med bakgrunn i framlagd årsrekneskap, årsmelding frå administrasjonen, samt revisjonsmelding og revisjonsrapport frå revisor. Kontrollutvalet tek sjølv stilling til kva forhold som skal omtalast i uttalen. Det vil vera naturleg å ta med spesielle forhold som blir omtala i revisjonsmeldinga, eventuelle revisjonsrapportar og nummererte brev. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

Oppsummering/tilrådingar frå kontrollutvalet:

- Jamfør rekneskapsforskrifta § 20 må årsrekneskapen vere framlagd innan 15. februar og årsmeldinga innan 31. mars i året etter rekneskapsåret.
- I tråd med retningslinjer for betring av sjølvkost for kommunale betalingstenester, må kommunen utarbeida sjølvkostkalkylar for dei områder kor sjølvkost er sett som den rettslege ramma for brukarbetalingar.
- I tråd med rekneskapsforskrifta om årsrekneskap og årsmelding (for kommuner og fylkeskommuner) § 3, skal årsrekneskapen innehalde omtale av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar. Vesentlege rekneskapsprinsipp må vera omtalt og andre noteopplysningar må vera nøyaktige og fullstendige.
- Lånegjelda ligg innanfor Riksrevisjonen si tilråding, netto driftsresultat er godt under det som er tilrådd av TBU, medan disposisjonsfond også er lågare for Fusa kommune enn tilrådd frå Riksrevisjonen.

Ut over det som nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka samt revisjonsmeldinga av 27.5.2015 og revisjonsrapport 2014 dagsett 27.5.2015, har kontrollutvalet ikkje merknader til Fusa kommune sin årsrekneskap for 2014.

Fusa, 1.6.2015

Arild Legland
kontrollutvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Fusa kommune, formannskapet